

Status oppnemning av prøvenemnder i Vestland fylkeskommune

For fylkestingsperioden 2020 til 2023 har Vestland fylkeskommune oppnemnt 975 prøvenemndsmedlemmar i 109 lærefag. Vestland har til saman 189 nemnder av ulik storleik. Storleiken varierer frå to medlemmar og ein leiar i dei minste nemndene til ein leiar og 17 medlemmar i den største nemnda.

Dei fleste nemndene har godt samsvar mellom tal på medlemmar og forventa tal på prøver. Nokre nemnder der det kan vere mange prøver på same tid, kan ha trong for fleire medlemmar enn det det er i dag. Dette kan til dømes gjelde dataelektronikar og automatikar.

I små fag til dømes bunadstilverkar og komposittbåtbyggjar er det ei nemnd som dekkjer heile den nye fylkeskommunen. I dei største faga dømes barne- og ungdom, helsefagarbeidar, elektriskar og tømrar er det fleire nemnder som skal dekkje kvar sin region. I mange fag, til dømes fiske- og fangst og byggdriftar er det to nemnder, ei som er meint å dekkje området til tidlegare Hordaland fylkeskommune og ei som er meint å dekkje området til tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune har kome i mål med oppnemning av nemnder i dei fleste faga som var planlagt hausten 2019. Nokre få fag står att, det gjeld til dømes reiselivsaget og steinfaget. I slike fag samarbeider vi med andre fylke om å låne nemnd, samstundes som vi arbeider med å finne medlemmar til eiga nemnd.